



Stortingsvalet 2025

**Framtidig
stortingsrepresentant!**

Gamle naust og buer står for fall, kystkulturen er dermed i fare for å forvitra.

I tusen år var det båtar som batt saman Norge. Denne aktiviteten førte til at det no er rundt 100 000 små bygningar (naust) i strandsona. Dei hadde varierende funksjon, men brorparten vart brukt i samband med fiskeriaktivitet. Denne mangfaldige aktiviteten endra seg radikalt rundt 1970. Då overtok nye, store fiskefartøy, og den gamle levemåten som heile kystsamfunna var tufta på vart endra. Men bygningane står att, mange står til forfall. Men får denne bygningsmassen ein ny sjanse vil den bli ein stor verdi for lokalsamfunn, kulturmiljøet i strandsona, eigarane og dermed storsamfunnet. Mange prøver å få til ny bruk av bygningane, men lovverk og tolkning av denne stoppar dette. Norge er ein kystnasjon og det vil vera ei fallitterklæring om bygningane og kulturmiljøet skal forvitra. Komande generasjonar vil tapa stort på dette, og no kviler dette på dei nye stortingsrepresentantane sine skuldrer. **Skal ein berga desse gamle bygningane må Plan og bygningslova endrast, eller så må myndigheitene sin forvaltningspraksis justerast etter kvar ein er i landet.**

Kva oppnår ein med å ta vare på gamle bygg?

Ein sparar nye inngrep i strandsona med å ta eksisterande bygg i bruk. Dermed føl ein opp naturavtala frå Montreal i 2022.

Det vert mindre utslepp ved gjenbruk av bygningar, enn ved å byggja nytt. Er dokumentert i rapport frå NMBU.

Gamle bygg har infrastruktur som veg, el straum, bryggjer mm.

Samfunnet tar vare på historie og kulturmiljøet. Riksantikvaren har meint dette i mange år med målsettinga «Vern gjennom bruk».

Norge har signert Den europeiske landskapskonvensjonen frå 2004 som famnar om dette.

Og ikkje minst, ved oppgradering av bygga vil det vera av interesse for barn og ungdom å ta turen «ned til sjøen». Norge er ein kystnasjon med stor maritim aktivitet, her kan komande generasjonar få inspirasjon. Ein vil også hindra det mykje omtalte «frafallet blandt ungdom».

Naturavtala Montreal

<https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/kld/aktuelt/2023/norsk-oversettelse-av-kunming-montreal-global-biodiversity-framework.pdf>

Den europeiske landskapskonvensjonen

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a9ac849929474654a039e63ed7a520b2/deneuropeiskelandskapskonvensjonen.pdf>

Meir fleksible regler for arbeid på eksisterande bygg

<https://www.dibk.no/Nyhetsarkiv/mer-fleksible-regler-for-arbeid-pa-eksisterende-bygg>

Riksantikvaren. Vern gjennom bruk

https://riksantikvaren.no/content/uploads/2023/03/Vern-gjennom-bruk-Hva-hindrer-naeringsvirksomhet-med-utgangspunkt-i-kulturminner_-_Utarbeidet-pa-oppdrag-for-Norsk-Kulturarv-1.pdf

Kva hindrar næring i gamle bygg

<https://www.riksantikvaren.no/kulturarv-grunderar-far-hjelp/#:~:text=Riksantikvarens%20nye%20rette%20skil%20gjere%20d%20enklare%20for,andre%20som%20%C3%B8nskjer%20%C3%A5%20t%20i%20bruk%20kulturminne.>